

## Legat for ungdom under utdanning

### STATUTTAR

For

Legat for ungdom under utdanning

(her skal berre inngå legat godkjent av fylkesmannen og der samanslåinga er blitt godtatt eller ikkje er blitt påklaga av styrerepresentantar/familiemedlemer)

#### §1

Legatet er oppretta ved ei samanslåing av følgjande legat:

##### LEGATETS NAMN

Anna og Ola Nilsen Skagas legat

Kari og Per O. Kinnebergs legat

##### FORMÅL

Legatet skal brukast til beste for ubemidla, evnerik ungdom frå Gol som vil søke skolar av alle slag etter avslutta folkeskole.

Rentene skal brukast til beste for ungdom som vil gå ein kristeleg ungdomsskole, eller som vil utdanne seg til prest i den norske kyrkje, eller til misjonær, forkynnar (bibelskoleelev), menighetsarbeidar, sjukeplaiar eller andre yrke med spesiell kristen utdanning på evangelisk-luthersk grunn.

#### §2

Legata sin samla grunnkapital er pr. 01.01.02 kr. 222.754,03 inkl. lån stort kr. 40.000 gitt til Hallingdal folkehøgskole. Legata sin samla kapital pr. 01.01.02 er kr. 230.178,96 inkl. nemnde lån. Denne kapitalen utgjer legatets nye grunnkapital og skal vere urørleg. Ein tiendepart av kapitalavkastninga blir tillagd kapitalen kvart år.

#### §3

Gol formannskap er styre for legatet som skal forvaltast i samsvar med reglar som gjeld for offentleg stadfesta legat. Styret består av 7 personer.

#### §4

9/10 av legatets årlege renteavkastning skal delast ut til ungdom/kristen ungdom under utdanning. Som vegleiing for styret skal det ha for auga statuttane for det enkelte legat som no blir slått saman. Ein halvpart av renteavkastninga skal brukast til formål som skissert i Kinnebergs legat, og den andre halvparten til formål som skissert i Skagas legat. Følgjande utdanning kvalifiserer for tildeling av midlar frå Skagalegatet:

-Vidaregåande skole utanom Hallingdal.

-Utdanning utover vidaregåande skole, inkl. folkehøgskole.

Utdelinga skal ikkje erstatte offentlege ytingar.

Dei prioriteringar som er bestemt i dei opprinnelege statuttane skal framleis oppretthaldast, dog slik at desse ikkje må stride mot lov 9.juni 1978 nr. 45 om likestilling mellom kjønna. Storleiken på legatporsjonane blir fastsett av styret etter skjønn, og delast ut ein gong i året. Blir nokon del av avkastninga ikkje disponert, kan det attverande anten leggjast til kapitalen eller delast ut i seinare år.

#### §5

Det skal søkjast om offentleg stadfesting av legatet og statuttane. Legatet og legatrekneskapen skal vere undergitt den kontroll og revisjon som til ei kvar tid gjeld for offentlege stiftingar og legat.

Vedtektene er revidert etter vedtak i legatstyret den 9.juni 2016.